

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 73/2017**

2019/EØS/11/06

av 5. mai 2017

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/851 av 26. mai 2016 om endring av vedtak 2009/719/EF med omsyn til løyve til at Kroatia reviderer det årlege programmet sitt for overvaking av BSE⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerala gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerala skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Avtala om deltaking for Republikken Kroatia i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet⁽²⁾ (EØS-utvidingsavtala av 2014) undertekna 11. april 2014 i Brussel har vore mellombels nytta av signatarane av avtala sidan 12. april 2014, og denne avgjerala skal difor nytta mellombels fram til EØS-utvidingsavtala av 2014 tek til å gjelde.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 7.2 under overskrifta 'RETTSAKTER SOM EFTA-STATEENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL' vert det gjort følgjande endringar i nr. 41b (kommisjonsvedtak 2009/719/EF):

1. Nytt strekpunkt skal lyde:

”– **32016 D 0851:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/851 av 26. mai 2016 (EUT L 141 av 28.5.2016, s. 131).”

2. Til slutt i tilpassingsteksta vert følgjande lagt til:

”– Island”

Artikkkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/851 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 141 av 28.5.2016, s. 131.

⁽²⁾ TEU L 170 av 11.6.2014, s. 5.

Artikkkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 6. mai 2017, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*), eller på den dag EØS-utvidingsavtala av 2014 tek til å gjelde, alt etter kva som skjer sist.

I påvente av at EØS-utvidingsavtala av 2014 tek til å gjelde skal denne avgjerda nyttast mellombels frå 6. mai 2017, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn.

Artikkkel 4

Denne avgjerda skal kunngjera i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferra i Brussel 5. mai 2017.

For EØS-komiteen

Claude Maerten

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.